



Møre og Romsdal fylke



Orientering om klagerett

Klage på vurdering som gjeld

- **munleg eksamen**
- **ikkje-skriftlege eksamenar, der det ikkje ligg føre dokumentasjon som kan vurderast av ei klagenemnd**

Kven kan klage?

- Elevar og privatistar eller dei som desse gir skriftleg fullmakt.
- Foreldra eller dei føresette til umyndige klagarar.
- Elevar og privatistar under 15 år kan ikkje klage utan skriftleg samtykke frå foreldra eller dei føresette.

Kva kan det klagast på?

- Det kan berre klagast på formelle feil som kan ha noko å seie for resultatet.

Klagebehandling

- Dersom klagaren får medhald i klagen, skal karakteren annullerast, og klagaren har rett til å gå opp til ny eksamen.
- Gjeld klagen prøve i trekkfag, skal det trekkjast fag på ny. Eleven skal få melding om faget med same frist som ved ordinær prøve.

Kvar skal klagen sendast?

- Klagen skal sendast til den skolen der klagaren er elev.
- Privatistar sender klagen til den skolen der prøva er halden.
- Klagen må vere skriftleg og underskrive av klagaren eller eventuelt av ein med fullmakt.

Kva er klagefristen?

- Klagefristen er 10 dagar.
- Fristen skal reknast frå tidspunktet når den som har klagerett er gjort kjent med karaktersettinga, eller når han/ho burde gjort seg kjent med denne.
- Fristen blir avbroten når den som har klagerett, ber om grunngiving for karakteren.
- Sjølv om klagefristen er gått ut, kan klagen behandlast så langt klagaren ikkje kan lastast for å ha oversete fristen eller for å ha drygd med klagen etterpå, eller så langt det av særlege grunnar er rimeleg at klagen blir prøvd.

Formkrav

- Klagen må vere skriftleg og underskrive av klagaren eller eventuelt av ein med fullmakt.
- Klagen skal nemne det vedtaket som det blir klaga på, og dersom det er nødvendig, gi opplysningar som gjer det mogleg å avgjere spørsmål om klagerett og om klagefristen er halden.
- Klagen bør innehalda årsaka til klagen.

Rett til grunngiving

- Den som har klagerett kan innanfor klagefristen krevje grunngiving for karakter.